

## Ny museumsbrosjyre!



Etter god innsats frå formidlingsavdelinga og tekstbidrag frå dei andre avdelingane, kan me no presentera ein rykande fersk museumsbrosjyre. Brosjyren fokuserer på anlegg opne for besøkande og er tospråkleg. Det følgjer òg eit innlegg med brosjyren som inneheld opningstidene og nokre av aktivitetane våre i 2015. Brosjyren vert snart òg tilgjengeleg på nettsidene våre.

## Museumsbesøk frå Sirogojno



Ryfylkemuseet har over lengre tid hatt eit samarbeid med museet Staro Selo i Sirogojno, Serbia, og me har vore på fleire besøk hos dei. No var tida endeleg komen for å ønskja dei velkommen til oss. Det vart nokre flotte dagar med besøk på museumsanlegg og deltaking på songkveld og bakedag. Det var òg lagt opp til fagseminar, og me fekk mykje nyttige innspel til eiga drift og utveksla viktige erfaringar. Me ser no fram mot ei mogleg vidareutvikling av samarbeidet i 2016.

## To nye permanente utstillingar



I sommar opnar me to nye permanente utstillingar. Først ut 18. juni er Røynevarden der me opnar ei utstilling om garden og folka i den nyrestaurerte løa. Ei veke etter er det klart for opning av eit nytt formidlingstilbod på Viga, torsdag 25. juni. Det inneheld utstillingar og biletspel om fryktdyrkinga og det gode liv i Ryfylke. Utstillinga på Røynevarden er døgnopen, medan Viga i år vil vera opne med omvising torsdag til søndag frå 4. juli til 16. august.

## Brødrene på ny langtur



I år som i fjor vert det langtur for jekta vår «Brødrene af Sand». Turen byrjar med besøk på Finnøy 29. juli, før ferda går vidare til «Fjord steam» i Florø og vert avslutta med «Havnedagene» i Haugesund.

## KVA SKJER?

### JUNI

**14. juni**  
Sesongopning  
Hummarmuseet,  
Kvitsøy

**18. juni**  
Opning av  
utstilling  
Røynevarden

**20. juni**  
Opning av  
utstilling  
Kolbeinstveit

**25. juni**  
Opning av  
utstilling  
Viga

### AUGUST

**15. august**  
FANT  
familiekonsert  
Kolbeinsveit

**16. august**  
FANT  
familiekonsert  
Viga